



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
19 81

Namnet på vatnet Hetlandsvatnet (revisjon)  
Kommune ..... Tysvær

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving  
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap  
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært  
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i  
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

## H E T L A N D S V A T N E T

Prøvefisket vart utført den 28. aug. 1981.

Hetlandsvatnet vart analysert for fyrste gong den 31. aug. 1979 og ein kom då fram til at det var eit relativt næringsrikt vatn med eit minimalt fiskebestand. For å utnytte næringsforrådet vart det tilrådd utsetjing av fisk, og i eit omfang av ca. 500 setjefisk pr. år.


Utsetjinga starta opp same hausten, og det vart fanga inn om lag 6-700 setjefisk i bekker i Tysvær. I 1980 og 1981 har denne utsetjinga halde fram og det er sett ut ca. 500 setjefisk pr. år. Fisken dei 2 siste åra har vorte fanga i Eivindsvatnet i Haugesund.

I alt har det då i tida 1979-81 vorte sett ut ca. 1 600 setjefisk.


For å kontrollera utfallet av denne fiskeutsetjinga, vart vatnet prøvefiska den 28. aug. 1981.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt var 73 aurar.

Fordeler vi fangsten på garnomfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fisken fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut:



Det vart teke prøver av 31 av 31 aurar og av desse var 20 røde, 7 lys-røde og 4 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 20 hanfiskar og 11 hofiskar.

30 stk. var gytefisk - 1 stk. gjeldfisk.

3 av prøvefiskane var angripne av parasittar (måkemark).


Medelvekta av prøvefiskane var 336,4 gram og største fisken 610 gram og 38 cm.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4,6	9,7	16,0	22,3	27,0	29,3	31,3
Årleg lengdetilv. i cm	4,6	5,1	6,3	6,3	4,7	2,3	2,0
Antall fiskar	31	31	31	31	28	13	4

Medel kondisjonsfaktor = 1,16 tilseier feit, fin fisk av god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Hetlandsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Vekstkurven for auren i Hetlandsvatnet er god og ligg stort sett over normalen like til 6 års alder.

### Konklusjon.

Ut frå det foretekne prøvefisker kan vi slå fast, at den utsetjinga av setjefisk som har gått for seg i 3 år, har vore vellukka.

Vatnet inneheld i dag eit høvande bestand av fin, matnyttig fisk. Som nemnt fanga vi 73 aurar på 5 garn på 1 garnnatt og det syner eit relativt stort aurebestand i vatnet. Likevel er både vekstkurve og kondisjonsfaktor mykje god, noko som kjem av den magasinering av næringsdyr som har funne stad i dei åra vatnet var nærast fisketomt. Det utsette fisketalet ser ut til å vera bra avpassa næringsforrådet, men det er mogeleg at ein på noko sikt må redusere utsetjingstalet noko.

### Praktiske tiltak.

Som nemnt i analyseplanen av 31. aug. 1979 vil vi tilrå at grunneigarene til Hetlandsvatnet går saman og skipar eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Vidare vil vi tilrå, at grunneigarene går i gang med sal av fiskekort for stangfiske, medan dei sjølv har ein retten til alt garnfiske. Innkomen av fiskekortsalet kan i fyrste omgang nyttast til aktuelle kultiveringsarbeid m.v.

Utsetjinga av setjefisk må halda fram i omlag same omfang som til nå d.v.s. ca. 500 setjefisk pr. år.

For å nyttiggjera seg den større fisken, kan grunneigarene nå nytta garn, men desse bør vera av omfar 18 eller større. På denne måten vil storparten av den mindre fisken gå klar.

Då det er tilført sand og grus i avlaupsbekken, er det all grunn til å tru at fisken gyt her. Ein må såleis fylgje nøye med om det er yngel og småfisk å sjå på bekken. I fall der er det, bør gytetilheva utbetrast ytterlegare, for dermed å auka rekrutteringa slik at ein gradvis kan redusere talet på setjefisk.

Det må takast eit nytt prøvefiske etter 3 år.

Stavanger 3. juni 1982

Einar Berg.